



Referat frå informasjons og tilbakemeldingsmøte med grunneigare etter ekstremvêret Jakob

Møtedato:	11.11.2024
Møtetid:	18:00 – 19:00
Møtestad:	Rådhuset, Årdalstangen
Deltakarar:	Årdal kommune, grunneigarar

Referat

Ordførar Christian Sønstlien opna møtet med å ønskje velkommen. Han forklarte at det er eit dialog- og informasjonsmøte kor kommunen ønskjer synspunkta til grunneigarane for å lære. Kommunalsjef teknisk, plan og miljø, Ellen Petrine Fretheim, heldt ei presentasjon der ho gjekk gjennom tidslinja frå hendinga. Ho nemnde at det var synfaring med NVE laurdagen før, og gav informasjon om forsikring og at grunneigarane sjølve må melde inn skader.

Ein grunneigar spurde om dei kan få sjå lista over ting som er meldt inn og skal sendast til NVE. Konst. Kommunedirektør Mette Hestetun Berg svara at den kan gjerast tilgjengeleg.

Ein grunneigar spurde kva dei skal melde inn. Mette Hestetun Berg svara at det er fint om grunneigarane melder inn det dei ser til kommunen uansett, om dei observerer noko. Ein grunneigar spurde om kommunen har sett skadane ved ein "grillhytte/mur" (*usikker på kvar det vart snakka om). Leiar Utedrift, Bjørn Indrebø, svara at kommunen ikkje har sett dette. Mette Hestetun Berg forklarte at det må lagast ein plan for korleis vi skal rydde opp i Sitla, og at konsulenten frå Asplan Viak kanskje kan sjå på andre stader òg.

Ein grunneigar poengterte at det er snakk om dalar med store private aktørar som regulantar, med store anlegg som utnyttar naturressursane. Han ønskte å forstå korleis kommunen har hatt dialog med regulantane om den venta flaumen. Han lurte på om kommunen har hatt informasjon om magasintilstanden i tida før flaumen, og korleis kontakten var med dei store aktørane. Han nemnde at det kom mykje meir vatn enn regulanten hadde gitt uttrykk for. Han sa at det verkar openbart i etterkant at NVE og kommunale representantar må på befaring og sjå gjennom elveløpa, og at bebuarane skulle visst korleis det offentlege snakkar med regulantane i slike saker.

Mette Hestetun Berg forklarte at kommunen fekk raudt varsel dagen før, og at det ikkje var varsla noko spesifikt i høve til Årdal kommune. Kommunen hadde møte med Statsforvaltaren tidleg på morgonen torsdag der same budskap blei gjentatt. Kommunen hadde kontakt med Hydro Energi som varsla om 200-års flaum i Utle (*Tya?) vassdrag. Dette var den informasjonen kommunen hadde på torsdagen og som det blei tatt førehandsreglar ut ifrå. Kommunen hadde ikkje noko særleg informasjon frå Østfold Energi.



Ein grunneigar forklarte at situasjonen var dramatisk i Vikadalen. Ho forklarte at FV 53 har fleire dreneringspunkt som rasar ned mot dei og truar bebyggelsen, kor det har vore gjort fleire tiltak, men at det same berre skjer igjen. Dei har hatt møte med fylkeskommunen om dette, men ho veit ikkje om det har med NVE eller fylkeskommunen å gjere. Det var svært skremmande å sjå korleis elva såg ut etterpå, med eit totalt nytt og ukjent elvelaup. Ho kjenner seg ikkje igjen, og det ligg svære tre og andre ting overalt. Friluftsanlegget (?) til Østfold Energi er gravd inn. Stor del av forbygginga mot elva er heilt vekke, og store volum med masser langs heile elvelaupet er totalt forandra. Det blei nemnt at NVE ikkje var i Vikadalen på synfaring.

Ein grunneigar påpeikte at dei er sikre på at Østfold Energi ikkje kjem til å ta ansvar for det som har skjedd lenger ned i vassdraget i Vikadalen. Det er viktig for grunneigarane å påpeike at det er like viktig at NVE kjem på bana i Vikadalen for å sikre innbyggjarane som andre stader. Ein annan innbyggjar supplerte med at poenget er at om noko slikt skjer igjen, vil bygningar kunne ryke. Elva kunne ha tatt nytt løp, og det må vere fort fokus på Vikadalen òg for å unngå større skader.

Ein grunneigar forklarte at det er skade på plastring i Seimsdalen; to hol på elveforbygging der han bur i "Øyafeltet" (*?). Han lurte på kor lang tid det går før ein slik skade blir reparert, og nemnde at me er på hausten og det kan kome ein slik situasjon igjen. Då kan eigedommar ryke. Mette Hestetun Berg svarte at kommunen ikkje får lov å gjere noko før det er laga ein plan. Christian Sønstlien svarte at NVE krev ein "grovkisse" som skal godkjennast av dei. Kommunen pressar på for å få ting gjort så fort som mogleg, men kan ikkje gi ei tidslinje no. Grunneigarane vil haldast oppdaterte. Mette Hestetun Berg sa at kommunen vil laga ein "knapp" på heimesida der informasjon vert lagt ut fortløpande.

Ein grunneigar sa han vil vere med dersom Årdal kommune skal ha synfaring.

Ein grunneigar lurte på om innrapportering av skader er det same som "planen" som skal lagast. Christian Sønstlien svarte at det ikkje er det same. Grunneigaren la til at om kommunen har bestilt konsulent, ber dei om at det skjer for alle dalane/vassdraga, ikkje berre Sitla. Han nemnde at han veit at regulantane får NVE på bana kjapt, og at det vil vere ein fordel for kommunen å samkøyre med dei, og då krevje at det òg skal vere synfaring ovanfor innbyggjarane. Christian Sønstlien sa han var einig i dette.

Ein grunneigar lurte på om det er ulike folk i NVE som forhold seg til regulantane og kommunen. Christian Sønstlien svarte at me har fått ein felles kontaktperson som har ansvar for Årdal. Grunneigaren sa det hadde vore flott med synfaring allereie denne veka, og at det skal vere ein denne veka som kommunen bør samkøyre med (Østfold Energi). Ellen Petrine Fretheim svarte at me tek det med oss og sjekkar.

Ein grunneigar lurte på om det som skal meldast inn (med frist 14. november) ikkje skal innehalde detaljar, men berre vere knytt til skader og deira lokalisering. Ellen Petrine Fretheim svarte at det stemmer. Grunneigaren sa at nokre strakstiltak må gjerast i Vikadalen. Ellen Petrine Fretheim svarte at kommunen må få melding om desse.



Ein grunneigar forklarte at det ligg mykje lausmasser i vassdraga frå tidlegare flaumar. Han nemnde at nokon burde tenke preventivt då det har grave meir og meir dei siste åra.

Ein grunneigar forklarte at grunnen til at ting ikkje blir gjort, er at det tek så lang tid å få oppgjer for tiltak som blir gjennomførte. Ein må leggje ut sjølv først, og det blir for dyrt.

Ein grunneigar påpeikte at det er viktig at reparasjon av elvene skjer fort no.

Ein grunneigar påpeikte at elvene har blitt mykje farlegare enn tidlegare.

Ein grunneigar påpeikte at NVE har pålagt regulant å bygge nye overløp på demning og magasin for å vere større og kunne ta meir vatn enn før. I anlegget i Vikadalen har dei ikkje moglegheit til å tømme på førehand. Han påpeikte at informasjon om dette, som vannstand i elva o.l., er offentleg informasjon som innbyggjarane har rett på å få vite.

Ein grunneigar påpeikte at han synes det var ei slående melding at kommunen hadde kontakt med Hydro Energi, men ikkje Østfold Energi.

Ein grunneigar fortalte at dei hadde sett i avisa at Østfold Energi jobba med Lærdal, men det er ingen informasjon om Vikadalen. I 2018 var det store endringar i elveløp og synfaring frå Østfold Energi. Det blei laga rapportar som kan vere av interesse for kommunen. Grunneigarane ønskjer at kommunen er ein pådrivar overfor fylkeskommunen angående vegprosjekt. Christian Sønstlien svarte at dei skal få støtte i dette.

Ein grunneigar nemnde at dersom det blir møte med Østfold Energi, ønskjer han at kommunen er på synfaring før møtet med Østfold Energi. Ellen Petrine Fretheim svarta at kommunen skal prøve å få det til.

Ein grunneigar forklarte at Offerdalen var heilt avkopla, og at det for framtida bør etablerast beredskapsrutinar for evakuering i forkant av slike hendingar og betre kommunikasjonslinjer.

Ein grunneigar nemnde at tidslinja som Ellen Petrine Fretheim presenterte i starten av møtet manglar beskriving av at breiband, TV og internett gjekk ut i Offerdalen. Ellen Petrine Fretheim svarte at kommunen var klar over dette og at det kjem fram i den fullstendige loggen, men at det ikkje vart tatt med i presentasjonen av tidslinja.

Ein grunneigar stilte spørsmål om beredskapen i Vikadalen, om kven som har oversikt over graveutstyr og liknande. Alt utstyr var vekke frå Vikadalen. Det hadde vore mykje større skade om dei ikkje tilfeldigvis hadde ein traktor tilgjengeleg. Han stilte spørsmål om det er dei sjølve som skal sørge for at det er tilgjengeleg graveutstyr; kommunen bør forsikre seg om at det er tilgjengeleg. Mette Hestetun Berg svarte at kommunen må ta dette med seg vidare.

Ein grunneigar spurte om dei vil få vite kven som er ansvarleg for kva. Mette Hestetun Berg svarte at kommunen startar arbeidet i morgon og vil lage ein infokanal på heimesida med fortløpande oppdateringar.



Ein grunneigar påpeikte at det er viktig at kjentfolk er med NVE på synfaring.

Ein grunneigar lurte på om nokon kan gjere tiltak på eiga hand når elva har flytta på massar og laga svære haugar slik at elva skifter løp, eller om NVE alltid må bestemme. Christian Sønstlien svarte at kommunen presser på for å få ting gjort raskt no med NVE, og at ansvarsforhold må avklarast.

Ein grunneigar lurte på om kommunen har noko påverknadskraft i forhold til naturskadefondet, med tanke på å få fortgang i prosessen. Christian Sønstlien svarte at dei tek det med seg vidare og undersøker, også i forhold til NVE.

Ein grunneigar nemnde at det også er lokale kommunale problem, som bekkjeinntak og slukar. Ellen Petrine Fretheim svarte at kommunen hadde folk ute torsdag morgon som tok hand om slukar og liknande. Christian Sønstlien svarte at dette blir ein del av vurderinga frå geoteknikar med anbefalingar om tiltak som bør gjerast.

Ein grunneigar spurde om NVE har noko med bekkar å gjere. Christian Sønstlien svarte at det hovudsakleg gjeld store vassdrag. Grunneigaren minte om at det også er fleire bekkar som utgjør ein risiko.

Ein grunneigar spurde om det no er avklart kva dei skal gjere. Ellen Petrine Fretheim svarte at det er viktig at grunneigarar melder inn til forsikringsselskap sjølv angående det som har skjedd på eigedomane deira. Kommunen er interessert i å motta bilete og filmar om skader som blir observerte generelt – og dette kan sendast til Ellen Petrine Fretheim.

Martin Ramsland Stensaker
Kommuneplanleggjar